



**Kvam kyrkje**



**Kvikne kyrkje**



**Skåbu kyrkje**




**Søderp kyrkje**

# KYRKJEBLAD

for

## NORD-FRON

Nr. 1 • VÅREN 2021 • Årgang 65



*Påske –  
den største gaven  
som det er mulig å gi.  
Han døde  
og sto opp fra graven  
så jeg kunne settes fri.  
Nå har jeg  
ett oppdrag på ferden,  
én mening  
med tiden på jord:  
Å gjøre en forskjell i verden  
ved å vandre i Jesu spor.*

*Unni Bøyum Kluge*

# TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor  
Tlf 612 16 290  
Kyrkjevevjerje: Torbjørn Sakariassen  
Tlf 612 16 292  
Sekretær: Grete Bakken  
Tlf 612 16 290

## KONTORTIDER:

Kl 09.00-13.00  
og elles etter avtale

## SOKNEPREST:

Jens Petter Ous  
Tlf. kontor 612 16 293  
Mobil 975 74 993

Soknepreststillinga i Kvikne og Sødorp  
er lyst ut

## DIAKON:

Stillinga er lyst ut

## TRUSOPPLÆRAR:

Stillinga er lyst ut

## KANTOR:

Stillinga er lyst ut

## ORGANIST:

Bernt Fauske  
Tlf. 406 03 269

## SØDORP SOKN

Soknerådsleiar:  
Kirsten Dina Leine  
Tlf. 901 01 690  
Kyrkjetenar/gravar:  
Anders Stø  
Tlf 612 90 974/909 60 650  
Kyrkjetenar:  
Frank Varpestuen  
Tlf 456 06 026  
Kyrkjetenar Ivar Kvande  
Tlf. 951 58 927

## KVAM SOKN

Soknerådsleiar:  
Egil Myhre  
Tlf. 970 67 723  
Kyrkjetenar:  
Svein Fredrik Kjæstad  
Tlf 908 45 584

## KVIKNE SOKN

Soknerådsleiar:  
Kristian Ekre  
Tlf 612 95 832/911 31 563  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

## SKÅBU SOKN

Soknerådsleiar:  
Unni Bøyum Kluge  
Tlf 932 92 209  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

## FAMILIE-RÅDGJEVING

Familievernkontoret, Otta  
Storgt 21, 2670 Otta  
Tlf 612 30 536  
Kl 09.00 – 14.00

## Grafisk produksjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.  
[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)



# HEIM OG KYRKJE



## Døypete


### KVAM:

Nora Ruststuen

William Lien Berget  
Ole Kristian Mørdre Larsen  
Johanne Roven  
Ole Erland Brandstad  
Amalie Byrløkken Kolseth

### SØDORP:

Sverre Slåen Heide  
Eirin Olsen Iversen  
(Sør-Fron Kyrkje)



## Døde

### KVAM:

Oline Røssum  
Torunn Irene Aarnes  
Nils Røssmummoen  
Tor Klomstad  
Asta Lund  
Edvin Randen  
Oddrun Rudland

Karl Tobias Karlsen  
Hans Bondestad  
Marry Solveig Stenseng  
Karen Helene Karenstuen  
Kjell Egil Bakken  
Einar Walle  
Roar Aune  
Inger Marie Einlien  
Loyd Arnhold Iversen  
Åse Gerda Eriksen  
Sissel Løkken  
Astrid Skreden  
Ingrid Arnekleiv  
Inge Einride Arnekleiv  
Ivar Krohn Nerhus  
Arne Hagelien  
Målfrid Fauskerud  
Inger Toril Stø

### KVIKNE:

Anna Ekre  
Oddrun Bakken

### SKÅBU:

Arne Fagervold  
Odd Hermann Blekastad

### SØDORP:

Marit Stenseng  
Gerd Solveig Mariasson

# v:pps

## VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 SØDORP: 135692  
KVAM: 113553 SKÅBU: 115389

**Kyrkjekontorets e-post-adresse:** [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)

**Heimeside:** [www.kirken.no/nord-fron](http://www.kirken.no/nord-fron)

## NESTE NUMMER

av «kyrkjebladet for Nord-Fron» kjem ut i juni 2021.  
Frist for stoff: 21.mai.

## KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Dette nummeret er redigert av  
Grete Bakken saman med dei tilsette ved Kyrkjekontoret.  
Redaksjonskomité: Unni Bøyum Kluge (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),  
Morten Sylte (Kvam), Aase Toxe Tveit (Sødorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra  
Kontonummer: 2095.49.59776



# Hamars biskops påskeandakt 2021

Cornelis Vreeswijk, synger i «Turistens Klagan» om å kjenne seg avstengt, men hvordan sangen fra barna på Karl Johan gir håp.

*Det sjunger några ungar på Karl Johan,  
dom låter starka och fina som bara ungar kan.*



Foto: Halvard Bjørkås

En ettermiddag i vinter kjente jeg på at det var lite dagslys. Tilværelsen var preget av restriksjonene knyttet til Covid-19. Da skjedde noe som var som å finne hvitveis og blåveis midt i vinterens snø, is og kulde. Hva hendte? Jo, ivrige barnestemmer uttrykte glede over å leke i snøen og lyden fra dem bar bud om liv og håp midt i det avstengte.

Dette minner meg om to ord som er knyttet til jul og påske: «Frykt ikke». Det fikk gjeterne på Betlehemsmarkene høre. Det samme fikk kvinnene høre da de tidlig på morgenen kom til graven til sin venn. Det er så stille, så stille. Stillheten brytes av at noe grensesprengende skjer som bærer bud om noe nytt

Dette å se til graven, handler om et felles grunnleggende behov; å se til og minnes den som er død. Ikke sjelden gjør mange dette både rett etter begravelsen og senere. Ser til, kjenner på det som var, bærer med seg felles levd liv. Mange av kirketjenerne og graverne rundt om vet at det er slik og er opptatt av verdigheten på kirkegården. De legger omsorg og omtanke i blant annet hvordan de etter begravelsesseremonien legger kranser og bårebuketter på gravene. Alle som har mistet en nær vet hvor mye det betyr med en slik verdighet og respekt i møte med livets og dødens sammensatthet.

Jesu liv, hans død på korset og hans oppstandelse kaster lys over våre liv og vår verden. Korset er i berøring med vår eksistens. I det øyeblikket da Jesus drog sitt siste åndedrag på korset skalv jorden og klippene slo sprekker. Etter at Jesu døde kropp hadde hvilt i graven, skjer dette uforklarlige og overveldende enda en gang. Men nå er det ikke dødens, men livets krefter som bryter fram.

For Maria Magdalena og den andre Maria ble morgens sorgfulle stillhet brutt. Jeg ser for meg deres angst og forvirring. Jeg synes jeg hører deres spørsmål: Hva er det som skjer? Er det ikke nok nå? Og så får de høre fra engelen: «Frykt ikke! Jeg vet at dere leter etter Jesus, den korsfestede. Han er ikke her, han er stått opp, slik som han sa. Kom og se stedet hvor han lå!»

Kirken bæres fremdeles oppe av denne gjennomgripende hendelsen. Siden da har budskapet om Jesus Kristus fått lyde til forankring, tro og håp.

Når menneskers liv fylles av mørke og tunge tider, skal kirken fortsette å reise håpets lys for hvert enkelt menneske.

For selv om frykten ikke er borte, spirer livets krefter fram. Oppstandelsen bærer løfter om liv og framtid. Kristus er oppstanden!

## **Velsignet påskehøytid!**

*Solveig Fiske  
Hamar biskop*



Blåveisgutt. Foto: Jorun Vang.

# Kva skulle vi gjort utan...?

Det har du sikkert sagt nokre gonger, når noko eller nokon har redda situasjonen for deg. Eg har i alle høve sagt det mang ein gong, både til gode medarbeidarar og elles når situasjonen har vorte redda av ein som har kome inn og teke ansvar, eller eit eller anna vi har av reiskap, har hjelpa oss til å få gjort det vi skulle.

Kjartan Ruset er ein slik kar som bretta opp ermene og gjekk inn på stutt varsel då vi vart prestelausa i eine prestestillinga tidleg hausten 2020. Då vart vi berga! Ikkje berre fekk vi inn ein vikar – vi fekk ein som kjenner bygdene våre og folket her og kunne gå rett inn i arbeidet. Det er litt Marte Svennerud over Kjartan: «Itte noe knusel, je tek dem alle...!» ...rett nok ikkje ein ugeflokk han tok over, men han tok heile konfirmantflokkon på Vinstra og halvparten av gudstenestene, slik vi prestar har fordelt dei oss imellom. Pluss anna kvar veke med gravferder. Og det midt i ei merkeleg Koronatid!

Når mars kjem, sluttar Kjartan som vikar hjå oss på gudstenester og gravferder. Men; han held fram med konfirmantane heilt til konfirmasjonen i Sødorp 28. og 29. august! Då har han runda 75 år! Og då er det faktisk vel 38 år sidan han kom hit til Nord-Fron som prest. Det må kunne seiast å vere innsatsvilje av øvste rang!

Så er det slik at når alt glir av seg sjølv, ja, då gløymmer vi ofte å takke for at det går akkurat slik! Og når ein har vore i arbeidet på ulike vis i så mange år, då blir ein lett litt av «inventaret». Og er det noko som er vanskeleg, så er det ofte det som kjem i fokus.

Sjølvsagt skulle vi både ynskja Kjartan velkomen som vikar hjå oss i kyrkjebladet som kom ut før jul, og i alle fall i det første nummeret no i år. Men det stod ingen skrivne ord om vikaren vår der. Og ikkje fekk vi det med når vi var i avisa og snakka om alt som skjer av utskifting av mannskap på kyrkjekontoret no i desse tider. Det må eg som skriv under desse orda ta min del av skulda for og berre beklage! Slik skal det ikkje vere! Ordtaket seier: «Heidrast den som heidrast skal!»

Så Kjartan: Takk for at du for n'ete gong har stilt opp for oss i kyrkja her i Nord-Fron! TAKK!

Det er fleire vi treng takke denne gongen: Ikkje fordi han sluttar, men fordi han er som Kjartan – stiller opp når vi treng hjelp – og det har vi tronge mykje dette siste

året, og særleg etter at kantor Cindy van der Leden slutta: Det er Bernt Fauske eg tenkjer på!

Han stiller opp, med eit smil og mykje velvilje og ikkje minst: sine musikalske evner...

Kva skulle vi gjort utan Bernt? Musikken treng vi i kyrkjene våre, og Bernt spelar sjølv og saman med andre, til dømes solistar i gravferder. Og han syng, det merkar vi når han spelar, for det er lett å synge til Bernts speling. Rytme og tonehøgde passar, sjølv for oss som held til nede mellom tenoren og bassen. Så Bernt: TAKK for at du er den du er og bidreg og gleder oss med orgel og pianospel i alt som gjeng føre seg i kyrkjene våre i Nord-Fron!

*Jens Petter Ous*



## **En ekstra takk!**

Som produsent av Kyrkjebladet siden 2009, så vil jeg også takke Kjartan for et veldig godt samarbeid gjennom mange år. Alltid tydelig og grei med hvordan han ville ha stoffet presentert og en meget hyggelig mann å prate med. Vi har hatt mange trivelige samtaler på telefonen. Har aldri hatt gleden av å treffe ham, men håper det kan bli aktuelt en gang.

*Med vennlig hilsen Lasse Follestad, grafisk designer, Dale-Gudbrands Trykkeri as.*



# Friluftsmessa på Kviknehøgda



Kvikne sokneråd ynskte seg messe oppe på Kviknehøgda i fjor, og det skulle vi få til. Men den gong ei; mildver og mykje blaut snø sette ein stoppar for det! Men – i år fekk vi det til! I god ver, mest påskever å rekne, drog vi til fjells eit trettitals menneske. Vi feira gudsteneste, vi song og vi las og vi bad. Og kyrkjeklokka klang utover hei og myr og fjell. Ja, vi tenkte på sagnet om kyrkjesteinane som står ikkje langt frå der vi feira gudsteneste: Det seiest at dei snur seg kvar gong dei høyrer kyrkjeklokkene. Det fekk vi ikkje sjekka ut – men kyrkjeklokke hadde vi med. Og etter gudstenesta, ei av det korte slaget, var det mat: Heimebaka kake og skillingsbollar og kaffe frå svartkjel. Jau – det er godt å vere på fjellet!

Og seinare, etter prat og mat og messe, ja, da var det tid for skirenn. Både gamal og ung var med!

Takk til soknerådet for eit flott opplegg og vi legg til ei takk til Kvikk 4-H som har fått sett opp den flotte gapahuken der vi feira messe.

*JPOus*



*Nykklokka til bruk i Kvikne medan vi får reparert kyrkja.  
June var kyrkjetenar*



*Gapahuken.*





## Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet  
BARNAS til eit  
barn du er  
glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller **22 08 71 00**.



## Vitsar

Klassa hadde  
matteprøve. Ei av  
oppgåvene var slik:  
«Eit hus har 5 etasjar.  
Kvar etasje har 20  
trappetrinn. Kor mange  
trappetrinn må du då gå for  
å kome til toppen?»  
– Enkelt, tenkte Ole, og  
skreiv: «Alle.»

- Korleis er den nye gitaren din?
- Eg måtte kaste han.
- Kvifor det?
- Den hadde jo eit stort hol i midten!


## Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalde læresveinane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?  
(Teikning: Kari Sortland)



Kva  
får du dersom du  
kryssar ein kalkulator  
med eit menneske?  
Svar: Ein ven du kan  
rekne med.





# Hesten og musa

av  
Jan-Magnus Brühem


Teikning av Jens R. Nilssen.

Dei var ute og gjekk i skynda,  
ein best – og ei lita mus.  
Dei var slike gode vener  
og budde i same hus.

Fyrst gjekk dei ned til elva  
og drakk så det hadde skikk.  
– Det er mest så at elva minkar,  
peip musa – når vi to drikk!

Hald i meg du – bad heaten.  
Eg er no'ko mørkredd må tru –  
Å, eg skal vel passe deg, sa musa –  
Og så gjekk dei over ei bru.


Musa ho dilta etter  
og held i eit rumpe-hår.  
Det dyn rett tungt, humra hesten –  
når vi to er ute og går!



Større er ingen ord,  
gitt til trøst:  
Tilgivelsen varer  
til vest møter øst!

Unni Boyum Kluge.

# Koronatid og fastetid



Overskrifta er ikkje spesielt spanande! Men kanskje kan tida vi lever i – 2021 – med fare for spreiding av Covid 19 – kanskje hjelpe oss til å ta inn noko om kva fastetid er? Eg skal i det følgjande prøve å ta fram nokre tankar om fastetida og kva faste er i kyrkjesamanheng.

Koronatida kjenner vi vel, alle saman. Eitt år har vi levd med trusselen eller faren for å bli smitta av Covid 19, dette viruset som vi er redd for få inn i kroppen. Rett og slett fordi det kan vere farleg, ja, i verste fall, livstrugande. Å leva med ein trussel, er ikkje greitt. Det gjer noko me oss alle! Vi vert forsiktigare med korleis vi ter oss, kven vi er saman med og avstand og handhygiene har vorte ein del av kvardagen, på ein ny måte. Vi gjer noko for å unngå noko anna! Vi følgjer smittevernreglane for å oppnå noko anna; å ikkje verte sjuk, ikkje bli smitta av Covid 19.

Heldig vis har det gått bra med oss i Noreg, ja, oss i Nord-Fron med! Få har vorte smitta, få har vorte veldig sjuke, og dødstal er lågare i Noreg enn noko anna europeisk land vi kan samanlikne oss med. Det har gått bra i ei krevjande tid! Folket i landet vårt har høyrte og handla etter det styresmaktene har lagt inn over oss. Og no er vi komne inn i den tida då vi skal får sprøyter alle saman: Vaksine mot Covid 19. Så vi tåler dette viruset i framtida. Og så vi atter kan opne samfunnet og gå attende til eit meir normalt liv. No lengtar vi etter det! Mest som eit ekko av vår-salmen til Elias Blix:

***No livnar det i lundar, no lauvast det i li,  
de heile skapning stundar no fram til sumars tid.***

Kva har så dette med fastetid å gjere? Jo, dei liknar på kvarandre desse tidene, i dette at ein ofrar noko for å oppnå noko anna. Ein forsakar noko, for å få noko anna. Ein prioriterer noko vekk for at noko anna skal kome i sentrum i livet... det er mange vegar å omtale kva fastertida er.

Det gamle testamentet gir oss i alle høve nokre gode råd:

*<sup>6</sup> Nei, dette er fasta eg har valt: å løysa urettferdige lenkjer, sprengja banda i åket, setja undertrykte fri og å bryta kvart åk sund,*

*<sup>7</sup> å dela ditt brød med svoltne og la hjelpelause og heimlause koma i hus. Du skal sjå til den nakne og kle han, du skal ikkje snu ryggen til dine egne. Jes 58,6-7.*

Jødane på Jesaja si tid hadde faste. Og dei var nok mykje meir oppsette på at dette skulle vere skikkelege greier. Det skulle synast at ein fasta. Uttrykket «Sekk og oske» høyrer med i det bildet: Ein kledde seg tarveleg for at det skulle synast for all verda at her er det ein som tek fasta på alvor! I det ytre fasta ein, men profeten Jesaja fekk i oppgåve frå Gud å avsløre korleis fasta hadde vorte, og korleis Gud ville at fasta skulle vere. Fasta med mange bod og reglar og mykje ytre staffasje, var og er ikkje ei rett faste for Gud. Skal du gjera noko for Gud, så må du gjera noko for din neste! Slik kan vi tolke orda av Jesaja. Og då er vi veldig nær opp til kva Jesus sa då han vandra blant menneska:

*Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg. Matt 25,40.*

Fastetida som hjelp til konsentrasjon, hjelp til å feste blikket på rett stad, ein måte å få det viktige i sentrum – då er fastetida nyttig. Vi tenkjer lett på faste som å avstå frå mat og andre gode. Men det er ikkje ei faste for Gud, det er vel meir for at kroppen vår skal ha det bra!

Nei fastetida skal hjelpe oss til Gud og hjelpe oss til å lytte oss inn på kva Gud vil vi skal bruke livet til, kva vi skal vere for andre. Det er ei rett faste! Då er vi der Gud kan bruke oss i si teneste. Til gagn for oss sjølve og vår neste. Og til Guds ære!

I det lyset er mellom anna konfirmantane sin fasteaksjon ein god ting å drive på med i fastetida!

*Jens Petter Ous*



*Fastetid – krossteikning med oske i panna på Oskeonsdag.*



## Bønn

Av Hans Børli

Du Gud, som går gjennom skogen  
når våren er nær og ny,  
du Gud, som synger i stormen  
når verda er kvit av snø,

til deg jeg bærer de bønner  
som leppene aldri rørte,  
de bønner som bare blagrer  
som kornmo igjennom sinnet:

La meg få kvile om våren  
i blømmende bakkehell,  
der linnéaduften risler  
mot sansene som edel vin.

La meg få se de onge gry  
i rødmende lys over skogen  
spent som perlemorporter  
inn mot dagenes fosterland.

La meg få søke i dager, netter,  
de orda som skulle forklare  
stemningens vårsus i sinnet,  
sangerens smertefødte gave.

La meg få synge  
som villmarka synger,  
når seinsommers dvelende largorytmer  
dempes av nattas sordiner.



## Bøn

Av Jan-Magnus Bruheim

Du som veit um all kvide,  
all otte og angst  
og alt vi må lide.  
Alle dei spørsmål  
som ikkje finn svar.  
Sjelene som  
må einsame stride.  
Alle dei bærer  
vi ber og vi bar.

Du som var og skal vera.  
Som hjelper kvar lidande  
sjel til å bera.  
Alle du skapte,  
kom til dei, og ver!  
Og lat oss leva  
di heilsame læra,  
Fader, som var  
og som blir og som er.



# Kan ein sette eit kall på vent? Kva seier Gud til det tru?

## – ei helsing til kyrkjelydane i Nord-Fron frå trusopplærar i permisjon

Eg har alltid vore interessert i «alt». Det meste kan engasjere meg og kunnskap, læring om mangt og mykje har følgt meg i heile barndommen og ungdommen og inn i voksenalivet. Eg blir aldri lei! Det må understrekast at dette heng ikkje i hop med at eg er god i alt, langt ifrå. Eg er ikkje avhengige av å oppdage skjulte talent eller å få toppkarakterar for å synes det er morosamt å lære. Eg lik førelesningar, eksamenar og oppgåver nesten uansett – fordi det gir meg noko nytt, noko å tenke på, noko å flette i hop med erfaringane mine og kunnskap eg allereie har. Det er mi måte å forstå verda på. Denne interessa for å lære har tatt meg gjennom ei innhaldsrik studietid og følgt meg også gjennom arbeidslivet. Studietida tok meg frå teater, til Midtausten til arkeologien. Krydra med språk, religion, historie og antropologi. Radiojobbing. Sosialt liv. Eg hadde aldri trudd at eg kom til å være den som fløtt attende til Vinstra nokon gong. I alle fall ikkje etter «berre» ti år borte. Så var det ei rekke rare hendingar, tilfældigheter og endringar i livet som til saman planta eit behov for meg til å gjere nettopp dette: flytte heim. Eg var på mange måtar godt i gang med ei karriere innan feltarkeologi. Eg var tilsett i ein svært spanande institusjon i Oslo, eg hadde fleire jobbtillbod som eg berre månadar før ville ha takka ja til på flekken. Plutseleg hadde eg behov for å takke nei, eg ville bygge hus på Vinstra og flytte langt bort frå alle jobbane eg hadde drøymt om. Kva som var viktigast for meg skifta frå det eine, til det andre. Mannen min synes ikkje det var ein dum idé, så då satt vi plutseleg på Vinstra i eit nybygd hus, ein baby på veg og mannen min i ny jobb i kommunen.

Eg hadde ingen planer om å slutte om arkeolog, men sesongen er ikkje så lang og eg måtte tene pengar og gjere noko verdifult også i månadane i mellom. Så dukka det opp ei 50% stilling med lang fri-periode på sommaren (feltsesong): trusopplærar i kyrkja i Nord-Fron. Det var ein framand tanke for meg. Eg var framleis glad i heimkyrkja mi, kor eg hadde vore både kyrkjelydsmedlem og «prestedotter» heile livet. Eg hadde haldt fram med å gå i kyrkja jamleg gjennom heile studietida og var sikker på min plass i kyrkja som medlem og gudstenestegjengar. Men som tilsett? Tanken hadde aldri slått meg. No, etter 5 år i stillinga, kan eg ikkje hente fram att den kjensla. No er det å være trusopplærar ein så stor del av identiteten min. Det som starta som eit ønske om ein stabil inntekt i ein spanande jobb for fem år sidan, har vokse til å bli ei kallsgjerning. Eg har kjent på gleda det har vore å føle at ein gjer noko viktig, noko avgjerande for barna og ungdommen ein møter. Og eg har kjent leiinga og styrka frå trua mi til å gjere denne jobben. Eg har rett og slett blitt trusopplærar!

Framleis har eg tvilheldt på «faget mitt». For å ikkje miste kontakta med kulturminna har eg jobba som arkeolog i periodar og oppretta eige firma kor eg har drive kulturhistorieformidling. Eg har også vore vikar i skulene. Eg har møtt og blitt kjent med barn og ungdom på mange plattformar i kommunen vår. Eg kjenner meg utruleg privilegert som kan helse på og prate med nærast alle eg møter i kommunen vår under 20 år, fordi eg har sett dei, møtt dei og fått eit innblikk i kven dei er. Eg har kjent på at eg har «funne plassen min», verkeleg i denne gjerninga. For meg var det heilt uvant då eg fekk denne stillinga å skulle formidle tru og egne vitnesbyrd, no gjer eg det med frimod og med glede. Eg er så utruleg takknemleg for desse fem åra. Så kvifor har eg då søkt permisjon frå stillinga? Då må vi attende til denne kunnskapen eg ikkje får nok av.

Eg har utdanna med jamt og trutt sidan eg var 19 år, med nokre få, stutte pausar. Det siste eg har gjort på den fronten var å ta ein mastergrad i kulturminneforvaltning. Eit fagfelt kor hjarte og hjernesakane mine traff kvarandre. Eg meiner at røter, kulturhistorie i alle sine former, er eit gode, ei gåve som vi treng å forvalte og formidle til alle for å gi folk kjensle av tilhøyra og forståing av eige liv og samfunn. Om du er sjettede generasjons døl, innvandrar frå Afghanistan eller utfløtt sørlending til Gudbrandsdalen så har vi kvar vår unike historie som individ og som del av samfunn. Her er det mange ulikskapar som er spanande å finne og syne fram, men endå viktigare, så har vi så mykje felles. Alle menneskje si historie har likskapstrekk som knyter oss i lag. Vi finn det i museumsgjenstandar, i munnlege forteljingar, i brev og protokollar, i klesdrakter, i musikk og ikkje minst i relasjonar mellom menneske i ein familie eller ei grend. I ei verd kor auka polarisering og «dei mot oss»-tankegang festar seg sterkare og sterkare har eg ei brennande overtyding om at det ligg ein stor ressurs i kulturarven vår, til samhald blant folk, vekst i distrikta, til større kunnskap blant folk og vidare perspektiv. For meg er dette eit kall, ikkje eit truskall, men eit verdsleg kall, å fronte dette.

Eg har drøymt om å kombinere desse to vegane: å være trusopplærar i 50% og få jobbe med kulturminneforvaltning ved sidan av. Eg har klart det til ein viss grad, men har og hatt ein del utfordringar på vegen. Eg sitt med mykje kompetanse på eit viktig fagfelt og har kjent på ein aukande frustrasjon over å ikkje få bruke kompetansen og evnene mine innan dette feltet. I eit augneblink overmot søkte eg ei stilling eg svært gjerne ville ha, men aldri trudde eg kom til å få. Når eg likevel fekk tilbodet måtte eg ta eit val som for meg var svært vanskeleg, men som eg



håper og ber (kvar dag, instendig) om at må vise seg å være det rette. Eg har takka ja til stillinga som prosjektkoordinator for ABM-feltet (arkiv-bibliotek-museum) i Møre og Romsdal fylkeskommune. Den første stillinga av sitt slag i landet, ein fantastisk plattform for å få brukt evner og kunnskap eg har opparbeida meg.

Kvifor skriv eg om dette i kyrkjebladet? Fordi eg har levd med kyrkjelydane i Nord-Fron i fem år som trusopp-lærer, gudstenestegjengar og mor til born som tilhøyrar kyrkjelyden. Eg ville rett og slett få sjansen til å takke for alt det gode eg har fått dei siste fem åra. Takke for gode attendemeldingar som har vist meg at det eg har jobba for og brydd meg om gir noko til samfunnet vårt. For alle som stiller opp for å bidra og ikkje minst alle dykk som sender barna dykkar til arrangementa våre. TAKK! Heldigvis held dette gode, viktige arbeidet fram i full styrke. Eg har leia arbeidet, men eg har ikkje gjort arbeidet åleine. I kollegiet i kyrkja i Nord-Fron og i sokneråda er det mange som brenn for trusoppplæringsarbeidet og det har vore ei styrke for arbeidet. No er det tilsett ein trusoppplærer i eitt års

vikariat og nokon andre skal få drive arbeidet vidare. Så får tida vise om eg kjem attende til denne gjerninga, eller om det er ein annan veg som er min veg.

Eg starta brevet mitt med spørsmålet om ein kan sette pause på eit kall? Eg jobbar framleis med meg sjølv og i samtale med Gud kring dette spørsmålet. Er det riktig å sette dette? Eller er det ikkje det som skjer i det heile? I mitt tilfelle kom ikkje kallet først, det vaks fram gjennom gjerninga. Kanskje er det no ein ny veg som har vokse fram? Eg skal pendle og ikkje flytte, eg tilhøyrar framleis kyrkja i Nord-Fron og gler meg til å være del av kyrkjelyden som gudstenestegjengar og mor i trusoppplæringa.

Herrens veger er uransakelege. Det er ikkje alt som kan rasjonaliserast, ofte må ein berre tru og overgi livet sitt i Guds hender. «Leap of faith» seier ein ofte på engelsk. Det er det eg gjorde for fem år sidan, eg hoppe i det! Det har eg vore takksam for sidan då. Kanskje er det derfor eg føler meg trygg når eg no hoppar igjen!

*Hildegunn Maria Haanes Ruset*

## Fylgje

*Av Jan-Magnus Bruheim*

*Inn i den svarte natti  
eg vandrar utan fred,  
og høyrer sus av vinden  
som blæs i tome tre.*

*Han óg lyt vandre heimlaus  
og einsam der han går.  
Då kjem ein tanke svivande  
og stanar på – og står.*

*Det er som nokon talar  
og kviskrar stilt og bed:  
Ver ikkje redd, du arme!  
Eg fylgjer alltid med.*

*Ja, ver! Eg treng den vissa  
at du er alltid nær.  
Lat meg få tru du fylgjer.  
Lat meg få tru du er.*

## Påska 2021 i Nord-Fron

Gudstenestelista for Nord-Fron finn du på baksida av bladet.

Vi legg opp til ei tradisjonell påskefeiring i kyrkjene våre. Men vi må ta atterhald om at ting kan skje i desse Koronatider. Då skal vi – om så skjer – prøve å informere på nettsida til kyrkja i Nord-Fron <https://kirken.no/nord-fron/> og på Facebook sida vår.

Om ikkje noko skjer, blir gudstenestene som det går fram av tabellen nedanfor:

Palmesøndag	Skjærtorsdag	Langfredag	Påskenenatt	Påskedag	2.påskedag
	Kvam 20.00		Kvam 23.00		
Kvikne 11.00				Kvikne 11.00	
Skåbu 19.00		Skåbu 19.00		Skåbu 18.00	
	Sørdorp 18.00	Sørdorp kap 11.00		Sørdorp 11.00	
					Sundheim 11.30

# Min trosbekjennelse

Av Hans Børli

Jeg trur på den nakne legende  
om mennesket Jesus Kristus.  
Jeg trur på ham slik han var  
før menneskene formet hans bilde  
på perlebesatte krusifikser,  
før sjølbehagelige prester  
lespet hans navn over silkedukede altere  
i katedraler reist til hans ære,  
før de velsignet blodige krigsvåpen  
og sang hans navn over slagmarkene,  
før de kamuflerte falskhet og råttenskap  
med hans hellige stråleglorie.

Jeg trur på tømmermannens sønn –  
den fattigste av de fattige.  
Han som ikke eide en stein  
å kvile sitt trøtte hode mot.  
Han som prediket  
kjærlighetens og brorskapens evangelium  
for pøbelen på byenes torg.  
Han som hjalp der sjukdom og nød herjet,  
og gråt bittert  
over sitt folks bunnløse elendighet.

Han som gikk uanfektet omkring  
mellom skjøger og lassiser  
med spissborgernes hånende øyne rettet  
mot seg,  
Han som dreiv høkerne ut av templet  
med hvinende piskeslag.  
Ham trur jeg på.

Denne Jesus  
– det evige og sanne menneske –  
måtte dø mellom røverne på Golgata,  
dømt som en fare for samfunnet.  
Slavenes og piskesvingernes  
gjennområtne samfunn.

Men hans Via Dolorosa  
går som en skinnende vei  
gjennom alle århundrer.  
Det store og gode menneskes vei  
– mot lengselens morgenland.





# STATISTIKK FOR NORD-FRON PRESTEGJELD 2020

## (2019 i kursiv)

Sak / Sokn >	SØDORP		KVAM		KVIKNE		SKÅBU	
	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020
Medlemmar *	3153	3161	1155	1144	254	240	274	273
Innmeldte	4	0	0	2	0	0	0	0
Utmeldte	10	0	6	5	1	0	0	0
<b>Kyrkjelege handlingar:</b>								
Dåp i soknet	24	19	5	13	2	4	4	1
Derav busett i sokn	21	14	5	8	0	0	2	1
Konfirmantar	35	35	16	16	2	3	2	1
Vigslar	5	1	3	0	0	0	1	1
Forbøn borgarleg vigsel	0	0	0	0	0	0	0	0
Gravferder	37	31	15	17	6	5	4	3
<b>Gudstenester:</b>								
Gudstenester søn-/helgedagar	37	30	22	20	23	12	21	12
Deltakarar	2234	886	1450	787	706	256	827	283
Gudstenester u- søn-/helgedagar	17	7	11	5	0	2	2	1
Deltakarar	1664	482	515	277	0	86	53	25
SUM - Totalt tal gudstenester	54	37	33	25	23	14	23	13
SUM - Deltakarar	3898	1368	1965	1064	706	342	880	308
Gudst. m/ nattverd	25	15	20	15	16	8	11	7
Deltakarar	616	161	414	153	196	86	152	72
Gudst.m/ skriftemål	0	0	0	0	0	0	0	0
Deltakarar	0	0	0	0	0	0	0	0
Familiegudstenester (Utanom julaftan)	5	5	6	5	5	7	5	2
Deltakarar	5	2	6	3	5	5	5	1
Deltakarar	165	62	221	146	147	113	231	27
Gudst. for ungdom	6	1	3	4	2	0	2	1
Deltakarar	584	46	166	92	68	0	10	5
Gudst.barnehagar**	5	5	1	1	0	0	1	1
Deltakarar	135	0	36	15	0	0	18	9
Gudst. skular	3	0	1	0	0	0	1	0
Deltakarar	580	0	120	0	0	0	31	0
Julaftans-gudst	3	0	1	0	0	0	2	0
Deltakarar	435	0	270	0	0	0	257	0
Gudstenester i påska	4	0	2	0	1	0	3	0
Deltakarar	73	0	47	0	24	0	89	0
Allehelgensgudst	1	1	1	1	1	1	1	1
Deltakarar	111	46	39	45	39	16	29	10
Økumeniske gudst.	0	1	0	0	0	0	0	0
Deltakarar	0	36	0	0	0	0	0	0
Konsert i kyrkja	5	0	2	1	1	0	3	0
Deltakarar	710	0	185	314	150	0	363	0
<b>Økonomi/ kollektar/ innsamlingar:</b>								
Ofringar totalt	35016	12276	21977	8984	12443	4335	21508	6166
Ofringar eige sokn	12672	4009	4786	4630	7353	3495	6981	1200
Innsamla midlar	16250	0	4302	0	0	0	960	0

\* Medlemmer: Tal frå kyrkja sitt medlemsregister – for sentralkyrkjelege registeret. Det har vore ein grundig gjennomgang av medlemslistene. (Medlemmar og tilhøyrande – frå 2020 er «tilhøyrande» borte frå registeret)

\*\* Barnehagegudstenester er gjort om til julevandringar – og er ikkje lenger med i tala for oppmøte på gudstenester (Frå 2019)

\*\*\* Tala i denne statistikken er «katastrofale» om ein ser tala utan å omsyn til ale avlysingar som haar våre i Koronaåret 2020. Men har ein Koronaåret og konsekvensane av dette i minnet, er tala som forventet: Døypte, konfirmantar og gravferder som tidlegare år. Færre vigslar og mykje færre gudstenester, konsertar, arrangement, på grunn av nedstenging i samfunnet. Nattverd tal er lågare, grunna at vi måtte slutte med nattverd på grunn av smittefare. Økonomi mykje svakare; skuldast at alle ofringar no er med Vipps (ikkje alle brukar det) og bortfall av mange gode offerdagar (konfirmantjubilæer, julaftan etc)

Jens Petter Ous 19.01.2021

**SpareBank**  
GUDBRANDSDAL  
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



**Vekstra**  
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra  
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang  
Tlf 61 29 52 70

**TEIGEN – TANGEN**  
byggfirma

Mob. 95 94 87 11 og 95 25 87 30

**Vinstra;libris**

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra  
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no  
www.libris.no/vinstra

**Dale-Gudbrands**  
Trykkeri a.s.  
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no



**HÅREK**  
FRISØRSALONG  
-KVAM-



Vinstra.  
Tlf 61 29 04 01

**TOYOTA**

**DOKKEN BIL AS**

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra  
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

**Hageland**  
Bjørke



Tlf 915 750 74  
Vi hjelper deg med blomster til  
begravelse og andre anledninger.

**OM Bakken Bygg AS**  
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra  
Tlf. 61 21 60 00  
Fax 61 21 60 01

*Bakken*  
Begravelsesbyrå Tlf. 47 68 22 27

**Lore Søndenfor**  
Landbruksentreprenør Tlf 901 97 409

**SENTRUMS**  
**HJØRNET**

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

**JOBE**  
GRAVSTEINSERVICE AS

- Innskriftsjoner
- Oppussing
- Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.  
Raskt tilbake.

Mobil: 412 56 304  
Epost: post@jobegravsteinservice.no

**BE Sanden Bygg AS**

Tlf. 905 94 187 Bjørn Einar

**Vinstra Begravelsesbyrå**

*Liv Veikleenget*

Liv: 958 99 899 - Lise: 995 82 943

Døgnvakt – Gravmonumenter  
Etablert 1979

**abaris**  
APPS FOR BUSINESS

**RUSTUGUSETRA**

Parkering - Butikk - Transport - Hytteservice

Tlf. 61 29 49 46 - Mob. 909 98 173  
2642 Kvam

**Peer Gynt Seterveg**

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km. Den møter Kvam  
Sterveg på grensa Sødorp/Kvam. Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!  
Se og les mer på: [www.peergyntseterveg.com](http://www.peergyntseterveg.com)

**REMA**  
**1000**

Lomoveien 1, 2640 Vinstra  
Tlf. 61 29 50 00



Kvam  
Tlf 61 29 44 30

**KIWI** mini  
pris

KIWI KVAM  
TLF. 612 16 850



**STØTT VÅRE  
ANNONSØRER!**



Skåbu Servicesenter  
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På hytta

61 29 55 86 - 975 62 208  
2643 Skåbu - [facebook](#)

**Velkommen**

# Fronraktor Service

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



**SLANGEN SETER**

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu  
E-post: [post@slangen-seter.no](mailto:post@slangen-seter.no) - [www.slangen-seter.no](http://www.slangen-seter.no)



Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.

Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.



**SKÅBU REGNSKAP AS**

[post@skaaburegnskap.no](mailto:post@skaaburegnskap.no)

Tlf.: 413 83 898



## NYE ANNONSØRAR

er velkomne frå og med neste nummer.  
Ta kontakt med Kyrkjekontoret, tlf. 612 16 290.  
E-post: [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)



Vinstra Begravelsesbyrå AS  
Lise Veikleenget, 99 58 29 43  
Nina S. Veikleenget, 94 83 25 40  
**Døgnvakt!**

# STØTT KYRKJEBLADET!

Det kostar å drive "Kyrkjeblad for Nord-Fron".  
Kontingenten er no kr. 150,- for 5 nummer (fyldig dobbeltnummer til jul).  
Betales inn til kontonr.

**2095 49 59776**

Vi har to inntektskjelder:

- Den frivilljuge kontingenten • Støtte-annonsene (Service-sida)

Ekstra gaver kjem og godt med. Kyrkjebladet er viktig for arbeidet i kyrkjelydane.

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

**KVIKNE: 137266 • SØDORP: 135692 • KVAM: 113553 • SKÅBU: 115389**

**Takk for di støtte!**  
*Helsing redaksjonen*

## Gudstenester i Nord-Fron

	SØDORP	KVAM	KVIKNE BYGDAHUS	SKÅBU
Palmesøndag <b>28.mars</b> Matt 26,6-13			11.00 Familiegudsten Nattverd. 6-års-boka Årsmøte	19.00 Kveldsmesse Nattverd
Skjærtorsdag <b>1.april</b> Luk 22,14-23	18.00 Kyrkja Nattverd-gudsteneste Jens Petter Ous	20.00 Kyrkja Nattverd-gudsteneste Jens Petter Ous		
Langfredag <b>2.april</b> Luk 22,39-23,46	11.00 Kapellet Langfredagsmesse Jens Petter Ous			19.00 Langfredagsmesse
Påskentatt <b>3.april</b> Mark 16,1-8		23..00 Påskentatts-messe. Nattverd. Jens Petter Ous m.fl		
Påskedag <b>4.april</b> Matt 28,1-10	11.00 Kyrkja Høgtidsmesse. Nattverd		11.00 Høgtidsmesse. Nattverd. Jens Petter Ous	18.00 Høgtidsmesse Nattverd. Jens Petter Ous
2.påskedag <b>5.april</b> Luk 24,36-45	11.30 Sundheim Høgtidsmesse. Nattverd			
2-s i påsketida <b>11.april</b> Joh 21,15-19		11.00 Høgmesse Nattverd		
3-s i påsketida <b>18.april</b> Joh 10,1-10			11.00 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous	
4-s i påsketida <b>25.april</b> Joh 13,30-35	19.00 Kyrkja Kveldsmesse. Nattverd. Konf.innskriving.			11.00 Høgmesse Konfirmantinnskrivning Årsmøte Jens Petter Ous
Arb.intern.solidar <b>1.mai</b> Luk 14,12-14		11.00 Solidaritets-messe. KonfirmantInnskriving Jens Petter Ous		
5-s i påsketida <b>2.mai</b> Luk 13,18-21	19.00 Kyrkja Samtaleguds- teneste. Nattverd Konfirmantane og Jens Petter Ous		11.00 Høgmesse Nattverd. Konfirmant-innskriving Jens Petter Ous	
6-s i påsketida <b>9.mai</b> Matt 7,7-12	11.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd			
Helgetorsdag <b>13.mai</b> Luk 24,46-53		19.00 Kveldsmesse Nattverd Konfirmantane og Jens Petter Ous		
Søndag før pinse <b>16.mai</b> Apg 26,1-3.20-29	11.00 Kapellet Høgmesse. Nattverd			
Grunnlovsdagen <b>17.mai</b> Matt 22,17-22	10.00 Ruste bygDAHUS Ca 11.30 Kyrkja (etter b.toget) Fam.gudst.	11.30 (etter b.toget) Familiegudsteneste Jens Petter Ous	10.15 (Før b toget) Familiegudsteneste Jens Petter Ous	Ca 14.00 Fam.gudst (etter b.toget)
Pinsedag <b>23.mai</b> Joh 14,15-21	11.00 Kyrkja Høgtidsmesse. Nattverd	11.00 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous	19.00 Høgtidsmesse Nattverd	
2.pinsedag <b>24.mai</b> Joh 6,4-47	11.30 Sundheim Høgtidsmesse. Nattverd Jens Petter Ous			19.00 Høgtidsmesse Nattverd Konfirmantane Jens Petter Ous
Treeningssøndag <b>30.mai</b> Luk 10,21-24	17.00 Kyrkja Krøllegudsteneste		11.00 Krølle-gudsteneste	
2-s i treeiningstida <b>6.juni</b> Joh 3,26-30	11.00 Kyrkja Høgmesse.Nattverd. Jens Petter Ous			11.00 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous
3-s i treeiningstida <b>13.juni</b> Joh 1,35-51		11.00 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous		11.00 Høgmesse Nattverd

Vi tek atterhald om at det kan kome endringar på gudstenestelista i desse tider med Korona. Framleis gjeld alle reglar: Hald avstand – minst ein meter – Vask hendene (Dispenser med Antiback i alle kyrkje) – Host i albogehola – og hald deg heime om du ikkje er i form («småsjuk»).



www.dg-trykk.no

**KYRKJA I NORD-FRON**

er på Facebook! Sjå Kirka Nord-Fron

